

<b>LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:</b>	
<b>Matematikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vita forskjell på kongruens og formlikskap</li> <li>• Bruka formlikskap til å berekna ukjende sider i ulike polygon</li> <li>• Bruka formlikskap til å løysa praktiske situasjoner.</li> <li>• Bruka likning i samband med problemløysing</li> </ul>
<b>Naturfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forklara korleis krefter verkar, og korleis dei overfører og gjer om energi</li> <li>• Rekna med fart, akselerasjon, krefter og energi</li> </ul>
<b>Spansk</b>	<p>Repetisjon av futurumsforma.      Litt om juletradisjonar i Spania og Colombia      Refleksive verb og å snakke om dagleg rutine på spansk      Å snakke om været på spansk</p>
<b>Tysk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- kunna bruke tysk munnleg og skriftleg</li> <li>- repetisjon av nåtid, lære om framtid</li> <li>- snakke om tyske oppfinningar og kjende personar</li> </ul>
<b>Arbeidslivsfag</b>	<p>Delta i arbeidsfellesskap og løysa praktiske arbeidsoppdrag.      Utvikla kompetanse ved å ta selvstendige val i arbeid</p>
<b>Kroppsøving</b>	<p>Trena på og utvikla ferdigheter i innebandy.      Opptre som ein god lagspelar</p>
<b>Musikk</b>	<p>Me er i avslutninga av filmmusikk-prosjektet. Deretter blir det notelære. Frå veke 4 blir det halve klassar i musikktimane, og du skal lære deg å spele songar på piano eller gitar.      Dersom du ikkje har presentert filmmusikken din, må du sørge for å vera klar med produktet ditt. Når me startar med notelære, må du lære deg C-dur-skalaen og forstå akkordar.</p>
<b>Kantine</b>	<p>Laga god og ernæringsriktig mat      Halda god hygiene      Jobba med reknescap og plakatdesign      Gjennomføra sal      Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter</p>
<b>Design</b>	<p>Monotrykk; kunna bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å forma ut produkt i ulike materiale.</p>

#### INFORMASJON TIL HEIMEN

## **Ny trinnleiar**

I veke 51 begynner Morten Finsberg som ny trinnleiar på 9.trinn. Han har vore avdelingsleiar på skulen i 3 år, men har hatt foreldrepermisjon denne hausten. Han skal ha 40% permisjon fram til sommaren òg, derfor er han berre på jobb mandag, tysdag og onsdag. Har dokke behov for å kontakta leiinga utanom det kan dokke ta kontakt med rektor.

## **Temaveke**

Elevrådet arrangerer temaveke i veke 51, der elevar og vaksne skal kle seg ut etter ulike tema kvar dag. Det er frivillig og delta, men me oppfordrer om å vera med. Det blir premie til beste klasse, der premien er klassetur for å spela paddletennis.

### **Temadagane er slik:**

Måndag: fotballdrakt

Tysdag: rosa

Onsdag: galla (fine klede)

Torsdag: gender switch

Fredag: pysj

## **Leksefri**

Det er leksefri denne veka! Sjekk likevel måla om det er informasjon du må få med deg.

## **Kantina veke 51**

Det blir ikkje sal av mat i kantina i veke 51 og 1, berre meieriprodukt så lenge me har meir varer igjen. Elevane må ha med seg matpakke desse dagane.

## **Siste skuledag før jul**

Fredag 20.desember er siste skuledag før juleferien. Skuledagen sluttar til vanleg tid. Det er lov å ha med seg litt ekstra godt i matpakken denne dagen, og ei lita brus (energidrikk er framleis ikkje lov).

## **Planleggingsdag og første skuledag etter jul**

Lærarane har planleggingsdag 2.januar. Elevane har då fri. Første skuledag etter jul er 3.januar, så det blir ei kort veka.

## **Fagdag 16. Januar**

På fagdagen skal elevane velje tre utdanningsprogram dei skal få 25 minutt foredrag om. Deretter skal dei setje opp kva utdanningsprogram dei ønskjer å fordjupa seg i når me kjem til utdanningsval-veka i veke 17. Då skal dei mellom anna hospitera på eit utdanningsprogram i vidaregåande skule ein heil dag, i tillegg til arbeidspraksis som er relevant i høve til utdannningsprogrammet dei fordjupar seg i.

## **Terminslutt**

17.januar er 1.termin slutt, og elevane får halvårvurdering med og utan karakter.

Me ønsker alle ein god juleferie!

Helsing oss på 9.trinn